

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

---

<b>Dato</b>	24.07.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/92603-10
<b>Dykkar referanse</b>	2022/4056-50
<b>Sakshandsamar</b>	Katrine Helle Midtbø
<b>E-post</b>	Katrine.Helle.Midtbo@vlfk.no
<b>Telefon</b>	91880730

## **Innspel frå Infrastruktur og veg - offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for Pollen næringsområde - planID 20220008 - Kvinnherad kommune**

Vi viser til brev datert 09.06.2023 om høyring av forslag til detaljregulering for Pollen næringsområde, og Vestland fylkeskommune sitt fråsegn 07.07.2023. Grunna ferieavvikling kjem innspelet frå Infrastruktur og veg i eige brev.

Planen sikrar eigne areal for mjuke trafikantar, og at innarbeida rekkefylgjekrav som sikrar at utbetring av kryss mellom fylkesveg og tilkomstveg med tilhøyrande gang-, sykkel og fortau og påkoplinga til turveg skal vera gjennomført før næringsareala vert tekne i bruk. Vi merkar oss likevel at koplinga mellom areala for mjuke trafikantar kan betrast, særleg ved kryssingspunktet ved rundkøyringa. Dette er kommunal veg, men vi vil oppmoda kommunen om å regulera inn ei trafikkøy. Det vil gjera at mjuke trafikantar får moglegheita for å krysse eitt køyrefelt om gongen, og at bilistane vert meir oppmerksame på kryssande.

Føresegnene sikrar at det skal etablerast eit vegetasjonsbelte eller annan form for stadeigen planting i «AVG» mellom fylkesveg og næringsareal. Dette området er tidvis bratt, og vi viser til handbok N101 om trafiksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr. Det må innarbeidast føresegn om at areal mot fylkesveg vert tilstrekkeleg sikra i tråd med gjeldande handbøker.

Vi viser også til § 2.3 i føresegnene som omhandlar byggjegranser. Underpunkt 2.3.1 opnar for at fleire tiltak kan etablerast utanfor byggjegransene. Tiltak utanfor ei byggjegrænse i reguleringsplan må avklarast i forhold til rett vegmynde og behandlast etter reglar i veglova. Dette må presiserast i føresegnene slik at vi kan gjera naudsynte vurderingar knytt til dei konkrete tiltaka.

Med helsing

**Janne Grønli for**  
**Ann Kristin Nes**  
leiar  
INV - Forvaltning Vestland

**Katrine Helle Midtbø**  
Overingeniør  
INV - Forvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Ingunn Bårtvedt Skjerdal